



Aksept av vilkår for status som verna skip

Fartyet sitt namn:	Kjenningsignal:
Riksantikvaren sitt saksnummer (<i>må fyllast ut</i>):	Brevet med tilbud om status er datert:

Namn og adresse på eigar av fartyet oppført i Skipsregisteret/skøytet:	
Telefonnummer:	E-postadresse:

Status som verna skip føreset at eigar tek vare på verneverdiane knytte til fartyet gjennom måten restaurering og vedlikehald vert organisert og gjennomført på. Før status kan tildelast må eigar difor stadfeste at retningsliner og vilkår for statusen er aksepterte. Dette skjer ved å signere og returnere dette skjemaet til Riksantikvaren innan 4 veker etter at brevet med tilbud om status er motteke, elles vil tilbudet falle bort.

Denne aksepten gjeld dei konkrete vilkåra som er lista opp under, og som er utdjupa i vedlegget om antikvariske retningsliner i fartyvernet (faktaarket).

Vilkår for status som verna skip:

Eigar forpliktar seg til å følgje antikvariske retningsliner ved restaurering og vedlikehald av fartøyet.

Antikvariske prinsipp

1. Vern gjennom bruk er eit hovudprinsipp i norsk fartyvern. Hovudskilnaden mellom eit verna skip og andre skip er at drift og vedlikehald av eit verna farty skal vere tilpassa omsynet til vern og ikkje skje på kostand av det langsiktige vernet.
2. Farty som har status som verna skip, eller som er freda, har status som kulturminne. Fartyet skal difor representere ein konkret del av historia ved at fartyet i alle delar vert

teke vare på slik det framstod på eit nærare bestemt tidspunkt i si historie. Dette inkluderer eksteriør, interiør, maskineri og tekniske system.

3. Hovudprinsippet er at ein skal byte likt mot likt på lik måte. Det vil seie at det ved utskiftingar skal nyttast same type material, tillaga på same måte, festa med dei same teknikkar og med den same overflatehandsaminga.

Etter avtale med Riksantikvaren kan det gjerast unntak for overflatehandsaming av stål, jern og aluminium. Her ser Riksantikvaren det som forsvarleg å nytte nyare produkt dersom desse gjev vesentleg betre vern mot korrosjon enn gårsdagens produkt. Då vil omsynet til vern for framtida blir tillagt avgjerande vekt.

4. Det er Riksantikvaren som er overordna antikvarisk instans og som eigar må forhalde seg til. Dette gjeld uavhengig av kven som finansierer dei ulike delane av arbeidet. Det er difor alltid Riksantikvaren som skal kontaktast ved eventuelle avvik og endringar.
5. Pålegg frå Sjøfartsdirektoratet som kan kome i konflikt med Riksantikvaren sine retningsliner skal berre utførast etter samråd med Riksantikvaren. Det skal først søkjast Sjøfartsdirektoratet om dispensasjon frå pålegga dersom reglane opnar for dette. Dersom dispensasjon ikkje er mogleg skal det sammen med Riksantikvaren vurderast om krava kan etterkomast på ein måte som ikkje reduserer fartyet sin verdi som kulturminne.
6. Alle fråvik frå antikvariske hovudprinsipp må godkjennast av Riksantikvaren på førehand.

Utarbeiding av planar:

7. Innan rimeleg tid skal det utarbeidast ein teknisk-historisk dokumentasjon med oversyn over skipet si tekniske historie. Denne vert utgangspunkt for val av kva epoke som skal leggjast til grunn for vernearbeidet.
8. Dersom det er tale om tilbakeføring av delar av skipet skal den teknisk-historiske dokumentasjonen vere utgangspunktet for ein restaureringsplan. Denne skal godkjennast av Riksantikvaren før arbeidet tek til.
9. For å sikre godt antikvarisk vedlikehald av det ferdig restaurerte fartyet skal det lagast en vedlikehaldsplan som inneheld alle opplysningar som er nødvendig å oppretthalde fartøyets tilstand og kvalitet.

I tillegg til dei antikvariske retningslinene gjeld følgjande vilkår:

10. Riksantikvaren skal varslast ved eigarskifte og ved skifte av heimehamn.
11. Riksantikvaren kan trekkje attende statusen som verna skip dersom eigar klårt bryt sentrale vilkår for denne statusen.
12. Riksantikvaren tek atterhald om retten til å føre følgjande inn i Skipsregisteret:
Dersom fartyet skifter eigar eller heimehamn skal Riksantikvarens varslast. Fartyet kan ikkje byggjast om, eksporterast eller destruerast utan etter Riksantikvarens sitt skriftlege samtykke.

Vilkåra og retningslinene over vert aksepterte.

/ - _____

Dato og eigar sin signatur / signaturhaldar(ar) i eigarorganisasjon